

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
070/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

Søknad til Næringsfondet 2021. Falksen AS - Utvidelse av virksomhet

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet *Utvidelse av virksomhet* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 070/21 Vedtak:

Prosjektet *Utvidelse av virksomhet* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Falksen AS er eit aksjeselskap. Bransje: 46.739 Engroshandel med byggevarer ikke nevnt annet sted. Registrert 03.10.2018. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Verksemda driv med import og sal av gjerdeløysingar og andre produkt for hus og hage. Til no har dei for det meste retta seg mot privatmarknaden, og vil framover også rette drifta mot bedriftsmarknaden i større grad. Dei har hatt god omsetningsauke i 2020 og skaffa seg nye agentur.

Prosjektleveranse/Målsetting

Prosjektsøknaden gjeld for utviding av verksemda. Søkjar ønskjer betre tilgang til sine produkt og tilby rask og effektiv utsending av varer til kundane sine. For å oppnå dette, vil verksemda jobbe målretta med følgjande tiltak:

- Anskaffe eit større lager enn det dei disponerar i dag
- Utvide med 2-5 tilsette i løpet av 2 år
- Utvikle eit godt og effektivt system for lager og logistikk
- Komme inn på bedriftsmarknaden og i kommunen med sine produkt
- Inngå samarbeid med lokale aktørar for å forbetre løysingar og vidareutvikle produkta.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Utvidelse av virksomhet	400 000	200 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen.

I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021	21_Falksen_soknad-2021-0119_29 apr 2021	1573570
15.06.2021	21_Falksen_soknad-2021-0119_vedlegg_29 apr 2021	1573571